



## Blå rute

# Rørtveitgrenda

**Ruta startar ved parkeingsplassen på skulen. Ruta er merka langs vegen som går oppover frå skulen. Ruta er ca 4 km lang og du må rekne med ca 40 min i vanleg gangfart. Meir informasjon finn du på baksida av arket.**

**God tur !**

Ved starten av ruta står ein stor raudmåla stolpe som blir fylgt opp av mindre raude stolpar i seinare vegkryss og andre viktige vegpunkt. På dei raude stolpane er det merka små trekantar/piler med den aktuelle fargen for ruta.. Det er også sett fargemerke på steinar og trestammer for å hjelpe deg

Ruta startar ved skulen. Ruta fylgjer her den gamle riksvegen som blei lagt ned i 1872. Vegen blei kalla for Åsebrekkun. Straks ovanom skulen ser du tufta etter ein av dei fyrste skyssstasjonane i bygda, Bruhaug. Husa her blei rivne i 2004. Mang ein sliten ferdamann har kvilt seg her og fått ein kaffekopp—og kanskje ein dram. Lenge stod det eit stort piletre her ved sida av vegen (teke ned ca 1970). Det fortels at det var ein svenske

som hadde stukke ferdastaven sin i jorda då han kvilte her. Staven blei ståande og etter kvart skaut eit piletre opp.

Bruhaug slik stoga såg ut i 2002. Her stod også eit uthus som blei rive samstundes.

Like ovanom skulen ligg Skararud. Dette er den gamle klokkegarden i bygda. Stoga og fjoset er frå 1880-talet. Her hadde klokkearen i bygda fast tilhald. Klokkestillinga var kombinera med lara-post ved skulen. Den siste klokkearen som budde her var Aslak Smedal (død 1911).

Ruta kryssar vegen til Skararud og går vidare forbi Kyrkjerud og Leine. Kyrkjerud er ein gamla gard. Nedst i jorde sto tidlegare ein runestein som kom bort, truleg i samband med vegarbeid eller dyrking i mellomkrigsåra.

Forbi Kyrkjerud kjem vi opp til plassen Granlid. I gamal tid budde det ein skomakar her. Det var strategisk plassering like ved riksvegen med mange slitte skosålar. Stova på plassen er



frå ca 1920 medan uthuset er flytt frå ein av Minnesjordgardane. Det var Jens Åkre som tømra opp stoga med tilbygg av Torbjell Flatland i 2007.

På Granlid er det fleire tre av villkirsebær som blømer fint om våren ( sjå bilete over). Her finn vi også orkideen vårmariland (bilete under) som er sjeldan her i bygda. Forbi Granli kjem vi opp til vegkrysset til Nigard Rørtveit der det var handel og brennvinsutsal i gamle dagar.



Opp bakken er Hoffmannspranget som har namnet sitt etter ein hoffmann som reid utanfor her og omkom, truleg på 1700 talet. Vi ser restar av stabbesteinar langs vegen.



Åsebrekkun blei erstatta som riksveg i 1872 då den nye riksvegen i "Lina" kom. På nordsida av vegen går Åsebekken der det tidlegare stod to kvenner. Enno syns dei kraftige holdsteinane etter Åsekvenna. Like nedanfor kastar bekken seg utanfor ein



foss som kan vere stor i flaumtider. Lenger opp kjem vi til ei bru som kryssar bekken. Her tek ruta ein skarp sving til høgre på den gamle vegne til Rørtveitgrenda og Natadalvegen. På beite nedanfor vegen ser vi ei kve inngjerd med steingard som Nigard Rørtveit leigde ut kvileplass til kvegdrifter som forbi. Den gong var det viktig at dyra ikkje kom inn på åker og eng som skulle haustast.

Ruta går deretter opp på den asfalterte Natadalvegen i ca 600 m før ruta tek ned til Bergland. På Natadalsvegen passerar vi Uppigard Rørtveit som ligg ca 390 m.o.h. Dette er det høgste punktet på ruta. Bergland er eit bureisingsbruk frå ca 1920. På våren kan vi sjå systemmarihand på nokre gamle ekrelappar langs vegen forbi Bergland og ned til Krossvegen



Krossvegn er som namnet seier eit kryss mellom dei gamle vegane i grenda. Her er ein fin huseplass som no er fråflytta. Men enno er tunet intakt med stoge, uthus og eit lite bur. På bilet nedunder ser vi nokre av medlemene i stiggruppa i sving med rydding og merking ved Krossvegen



Forbi Krossvegen går ruta forbi nokre tufter på nedsida av vegen etter husmannsplassen Brubakken— også kalla Glosimot. På øversida av vegen passerar vi Askedølen før ruta tippa nedatt mot Skararud og skulen der ruta starta